

Stavanger Aftenblad

Me ranar ressursane frå barnebarna våre

Stavanger Aftenblad. Publisert på trykk 26.01.2013.

Dag Raustein. Seksjon: Debatt.

Side: 35,36.

Del: 2.

Besteforeldreaksjonen skulle gjerne sett at Stoltenberg hadde skrive eit brev til sine framtidige barnebarn og gjort greie for kvifor han snakkar om klimaproblemet, men bare handlar i retning av uhemma vekst.

«Rogaland tar nye 22 mrd. av oljekaka» lyder hovudoppslaget i Stavanger Aftenblad den 23. januar, og ein direktør slår i undertittelen fast at «det koker i oljebransjen». Oppslaget er meint å vera ei positiv melding, heilt i samsvar med signala frå Solamøtet, og det nasjonale NHO-møtet nyleg.

Men er det bare positivt - for dei pressa, sentrale områda i Rogaland, for våre barnebarn, og for deira barnebarn? Ikkje alle vil svara ja til det.

Rovdrift på naturressursane

Besteforeldreaksjonen er sterkt oppteken av dei dramatiske klimaendringane me får i løpet av få tiår om me held fram med ukritisk å ta ut fossilt brensel. Ei anna sak, som er knytt direkte til klimasaka, er vår rovdraft på naturressursane. Her kan Norge, om politikarane vil, styra sin eigen ressurspolitikk, til dømes for olje, natur og dyrka jord.

I skrivande stund ligg det yngste av barnebarna, nær fire år gamal, og leikar på golvet eit par meter frå meg. Det er varm glede knytt til dette. Men eg greier ikkje å ta tankane bort frå at vår generasjon ranar ressursane både frå han, og frå alle barnebarn, deira barnebarn og generasjonane etter det.

Litt att til etterkomarar

Eg meiner å hugsa at då nåverande statsminister først var statssekretær i Miljøverndepartementet og seinare Nærings- og energiminister for rundt 20 år sidan, då var det politiske mål for styring



av uttaket av olje- og gassressursane våre. Leiting og uttak skulle stå i høve til tilgangen på arbeidskraft, teknologi og pengar. Og det var eit mål også å strekkja ut tida slik at det kunne vera litt att til våre etterkomarar. Alt dette er tydelegvis gløymt, både av statsministeren og av resten av regjeringa, og av Stortinget. I staden er vi eitt av dei landa som tappar ut ressursane raskast.

Besteforeldreaksjonen skulle gjerne sett at Stoltenberg hadde skrive eit brev til sine framtidige barnebarn og gjort greie for kvifor han snakkar om klimaproblemet, men bare handlar i retning av uhemma vekst. Alle andre topp-politikarar skulle òg skrive slike brev. Dei veit korleis stoda er, men dei store problema ligg lengre fram enn deira fire-års tidshorisont.

Det er sjølv sagt ein del positivt med «oljå», i alle høve for dei som skummar fløyten, men jammen er det også mykje negativt - med det utvinningstempoet som er nå, og slik altfor mykje blir konsentrert til Rogaland.

Presset på løner og andre kostnader er etter kvart velkjent. Anna verdiskapande verksemd har ikkje ein sjanse til å konkurrera med «oljå» og avviklar i høgt tempo. Prisen for å bu blir så høg at dei som til dømes ynskjer jobb i offentleg verksemd, ikkje kan etablere seg i området.

Treng me dette enorme tempoet i utvinninga av det fossile brenselet, som er laga gjennom mange hundre

millionar år? Norge har enorme beløp på bok, og auke i oljeutvinninga krev arbeidskraft frå andre land. Me byggjer ned stadig meir jordbruksjord, også ein ressurs me stel frå våre etterkomarar. Eg er sikker på at for dagens smårollingar vil det vera langt betre om me dempar tempoet.

Politikarane er sjølvsgagt under svært sterkt press frå godt betalte lobbyistar. Det står om store pengar. Leiarane i oljeverksemda kan toa sine hender, for di det er politikarane som formelt har ansvaret.

Hastar

Dei politikarane som vågar tenkja ut over fire år - som trur at folk flest forstår når det blir peika på barne- og oldebarn, og at det bør liggja att olje,

gass og andre ressursar til dei - vil få mange røyster. Det hastar med tanke på valet i september. Så får vår generasjon akseptera at me skal reisa mindre, at me må redusera vårt energiforbruk radikalt. Viljen til det er stor når smårollingane er tett innpå oss. Og må me, så må me.

Bildetekst: «Besteforeldreaksjonen er sterkt oppteken av dei dramatiske klimaendringane me får i løpet av få tiår om me held fram med ukritisk å ta ut fossilt brensel», skriv Dag Raustein. Foto: colourbox

© Stavanger Aftenblad